



## Årsmelding 2017

- Styret i kunstlaget har i 2017 bestått av: Leiar Mette Marei Træland. Nestleiar: Kristin Wenneberg, Styremedlem: Laila Gangstad, Natalie Reyes-Lingjerde, Kasserar: Signar Kristoffersen, Varamedlem: Ann Blomberg, Wenche Bettum, Trine Lie.
- Revisor: Helge Haugland.
- Utstillingskomite: Anne Valaker og Bjørg- Inger Rundhovde

### Antall styremøter:

- Det har vore 5 styremøter sidan årsmøtet 22.mars 2017.

Styrat har handsama 42 saker.

### Andre aktivitetar.

- I 2017 starta Kunstlaget å leige "Galleri Oddleiv" i Knarvik senter i ein prøveperiode våren 2017. Det var malekveldar onsdagar for alle medlemmane.

Tilbodet vart nytta av ei gruppe medlem.

I tillegg hadde styret møter der, og årsmøtet vart og arrangert der våren 2017.

Våren 2017 kom det inn tre tilbod om lokale. Styret valde å gå inn med leigeavtale på

Flatøy skule frå 1. oktober 2017.



Vi disponerar no andre høgda i personalavdelinga på skulen, og har fast oppvarma lokale måndagar og onsdagar om ettermiddagen/ kvelden i husleigeprisen.

Leiar og nestleiar har delteke på intervju i undersøkning av planlegging og bygging av nytt kulturhus i Nordhordland.

Leiar og styremedlem Wenche Bettum har og vore på møte i Lindås kulturstyre.

*Styret meiner det er ei særst viktig oppgåve for laget å arbeide for å skapa arena og interesse for kunstnerisk aktivitet og produksjon i alle aldersgrupper.*

### **Utstillingar:**

- 8. mars . Kunstutstilling på Knarvik Senter med tema «Kvinne». Dette var ein Pop up utstilling, der medlemmer i laget ble invitert til å komme med bilete.

Samarbeidsprosjekt med Lindås AP , og det vart som delte ut roser.

Det var god tilbakemelding på utstillinga av kunder som gjekk forbi.

Lokalavisa skreiv artikkel om arrangementet.

•

Haustutstilling i "Galleri Gamleskulen" i Eikangervåg 20. - 27. oktober



Utstillinga var flott arrangert av utstillingskomiteen, og med mange deltakarar. Opninga hadde kulturelt innslag med musikk på torader av Vegard Kvestad, 9 år. Det var lotteri med kunstverk av Morten W. Gjul.

Ei vellukka utstilling med mange besøkande og godt sal.

### **Medlemsmøte:**

- Det har vore arrangert eitt medlemsmøte - 8. november på Flatøy skule i «kurs / festlokalet».
- Eirik Astrup held foredraget «Modell» - og det var drøfting og diskusjon om Kunstlaget sine aktivitetar. Det var 29 frammøtte og stor aktivitet og mange gode framlegg til aktivitetar som styret tek med seg i det vidare arbeidet..

Dei fleste nytta høvet til å sjå dei nye lokala våre.

### **Kurs i 2017.**

Kunstlaget har tilbudt følgjande kurs:

- Keramikk kurs med Nina Skar
- Glassfusingskurs med Bjørg-Inger Rundhovde
- Det var ikkje nok påmelde til kursa- så dei vart avlyst
- I tillegg har styret send vidare andre tilbod om kurs og utstillingar som medlemmane kan vera interesserte i.
- Gjennom å opprette Facebokside for Kunstlaget vil dette vera ein aktuell arena for å dele og gje informasjon om aktivitetar både til medlemmane, men og til publikum.

Medlemsituasjon: Det er pr.31.12.17 55 betalande medlemmer.

Styret har arbeidd systematisk med å oppgradere medlemslista og kontaktregistre for medlemmar i laget.

Laget har ein økonomi i balanse.

Kulturmidlar tildelt hausten 2017 gav oss moglegheit til å finansiera husleige av Flatøy skule, og medlemskveld i november.

7. februar 2018

Mette M. Træland (sign)

leiar